



Møre bispedømeråd

Brattvåg 22.08.2014  
Vår sakshandsamar: JGdeP  
Vår ref.: 13/00006-004  
Arkivkode: 329

## Høyringsuttale om presteressurs i Nordre Sunnmøre prosti

Haram kyrkjelege fellestråd gjev med dette si uttale til høyringsdokumentet om presteressursar og forordning i Nordre Sunnmøre prosti. Det vert i dokumentet formulert nokre konkrete høyringsspørsmål og denne uttalen er bygd opp rundt desse:

- Møre bispedøme er kjent med planane for Nordøyvegen og Møreaksen. Sjølv om dette ikkje vil få innverknad no, ber vi om ein refleksjon om korleis dette kan virke inn på fordeling av presteressursar og organisering av prestetenesta på lengre sikt.*
  - Nordøyvegen vil utvilsamt føre til betre og enklare kommunikasjon i Haram og Sandøy kommune. Dette vil heilt sikkert lette samarbeidet mellom prestane i samarbeidsområdet og føre til auka fleksibilitet. Men om det automatisk vil føre til meir samarbeid mellom kyrkjelydane er heller tvilsamt. Erfaring tilseier at samarbeid om samorganisering mellom kyrkjelydane ikkje kjem av seg sjølv og at medlemmer av kyrkjelydane er sterkt knytta til nettopp sin eigen kyrkjelyd og ikkje til dei andre kyrkjene i kommunen. Nordøyvegen vil nok gjere samarbeid med Sandøy meir aktuelt i framtida.
- Er det prosesser for samarbeid/samvirke mellom sokn? Korleis kan dette innverke på prestetenesta?*
  - Der er ein prosess i gong for felles sokneråd for Haram og Fjørtoft (evt. samanslåing av sokna). Fjørtoft er eit svært lite sokn og har ønskje om å verte ein del av ein større eining for å kunne ivareta sine oppgåver som sokneråd.
  - Der er òg godt samarbeid mellom kyrkjelydane på fastlandet (Hamnsund, Brattvåg, Vatne) om trusopplæringstiltak. Det er eit ønske om meir samarbeid i fellestrådsområdet som heilheit og mellom fastlandet og øyane spesielt.
  - Det er ei arbeidsfordeling mellom prestane om tenesteveker og gudstenester i samarbeidsområdet.
- Korleis tenkjer kyrkjelydane om å møte alderen 15-18 (etter konfirmasjonsfasen)? Korleis vil dette i såfall verke inn på prestetenesta?*
  - I Haram har vi ungdomsarbeidet «Ungkyrkja» som vårt satsingsområde for alderen 15-18 år. Prestane er lite involverte i dette, og det er for det meste trusopplæraren som er kontaktpersonen vår for dette arbeidet.
- I høyringa ber vi om innspel på korleis ut frå det som vart bestemt i -06/07 vi på best varsam måte kan ta ned ein heil stillingsressurs i Nordre Sunnmøre prosti.*
  - Då det vart bestemt at ein skulle kutte ein heil stillingsressurs i prostiet, gjekk vi i Haram inn for at 25% av denne reduksjonen skulle takast på Fjørtoft. Dette er no gjennomført (om ikkje offisielt, så i alle fall i praksis), og vi reknar med at Haram på den måten har tatt sin del av kuttet i presteressurs som prostiet må ta.

5. *Det er eit mål å utvikle robuste stillingar, dvs at profil og stillingsstorleik gjer det mogleg å rekruttere til og behalde folk i stilling over tid. Kan profilen på nokre av prestestillingane gå i retning av trusopplæring slik at trusopplæringsmidlar kan nyttast til å behalde/utvikle heile stillingar?*
- Dette er ikkje ei aktuell problemstilling hos oss, sidan vi no har tre heile prestestillingar og ei heil trusopplæringsstilling.
6. *Er det mogleg for lokalfinansiering av presteteneste i tillegg til statleg finansiering av prestestillingar?*
- Dette er ei spørsmålsstilling som aldri har vore skikkeleg diskutert hos oss. Men fellestrådet og sokneråda er i fellesskap alt med på finansisere ei 50% diakonstilling. I Haram er det ikkje presteressurs som er det mest presserande problemet, men at ein får fast tilsette prestar i dei stillingane som er vedtatt, og at ein har økonomi i fellestrådet til å følgje opp det forordna talet på gudstenester som er fastsett ut frå den vedtekne presteressursen.
13. *Biskop og bispedømeråd er av Haram kyrkjelege fellestråd og nokre sokneråd blitt anbefalt å ikkje vidareføre ordninga med å få tilført 25% prest frå Molde domprosti (Sandøy). Dette vil føre til at Haram må bli betjent av tre stillingar og ikkje 3,25. Støttar de framleis eit slikt forslag?*
- Ja, dette framlegget støttar vi framleis. Av to grunnar:
  - Sidan det må kuttast ei heil stilling i prostiet, har vi forståing for at Haram òg må ta sin del av kuttet. Då behovet for kutt i presteressurs i si tid vart annonsert (våren 2013), fekk vi melding frå prostien om at soknepreststillinga i Haram (som den gong var ledig) ikkje kom til å bli lyst ut, for å kunne spare pengar og innfri kuttet. Dette ville vore heilt urealistisk å gjennomføre og ei forferdeleg løysing for Haram sokn og Haram kyrkjelege fellestråd. Eit kontrollert kutt av 25% av presteressursen vår var langt å foretrekke, og verka som ein meir realistisk måte å kutte presteressurs på. Derfor gjekk vi inn for dette.
  - Ordninga med 25% presteressurs frå Sandøy vart aldri nokon suksess. Korkje for Fjørtoft kyrkjelyd eller for fellestrådet. Det kunne nok sjå ut til å vere ei grei løysing på papiret, men i realiteten fungerte den aldri. Fjørtoft sokneråd ga òg tydeleg uttrykk for ønsket om å verte nærare knytta til resten av Haram, og er no i ein prosess der soknesamanslåing med Haram sokn vert vurdert som eit alternativ. Sidan det likevel var snakk om kutt i presteressurs, var det ein svært naturleg konklusjon å kutte 25% presteressurs frå Sandøy, sidan det ikkje fungerte. Dette har vore realiteten sidan sommaren 2013.
  - Sjølv om sokna i Haram aldri har fått nokon ny forordning som eit resultat av bortfallet av denne presteressursen (sjølv om vi har spurt om det direkte fleire gongar), har vi det siste året praktisert reduserte gudstenestetal i alle sokna tilsvarende 25% stilling. Vi ser fram til ei ny forordning for sokna i Haram så dette slepp å verte ei kime til splid hos oss.

Med helsing

Haram kyrkjelege fellestråd